



Berit M.Eskeland

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/606 - 16/8680

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
02.05.2016

Søknad om tilskot til utbygging av breiband 2016

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:
Berit M.Eskeland

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FA - N64, FE - 233	16/606

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
38/2016	Kommunestyret	PS	27.04.2016

Søknad om tilskot til utbygging av breiband 2016

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommune har på ny høve til å søkje om tilskot til breibandsutbygging frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit. Det er tilsaman sett av 126,5 millionar til tilskotsordninga i 2016. Føremålet med ordninga er å sikre at det vert bygd ut godt breiband i heile Norge, også i område det det ikkje er lønsamt å byggje ut.

Tilskotsordninga skal sikre at midlane vert brukt slik at ein nyttar samfunnet sine ressursar på ei mest mogleg effektiv måte. Ordninga er godkjent av EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) basert på rentingslinene til EU-kommisjonen for statleg stønad til breibandsutbygging.

Søknader om tilskot til breiband vert vurdert ut i frå seks evalueringskriterium:

1. Talet på nye husstnader som får eit breibandstilbod - 30 %
2. Kostnadseffektivitet – 25 %
3. Lokal medfinansiering – 20 %
4. Plan for bærekraftig drift – 15 %
5. Betring av eksisterande breibandstilbod – 5 %
6. Kva dette har å seie for lokal samfunnsutvikling – 5 %

Det vert ikkje lagt opp til at kommunen skal gå inn og medfinansiere utbygging av breiband.

Vurdering

Kommunar som planlegg å søkje om breibandstilskot skal offentleggjere det geografiske området den planlagte utbygginga gjeld. Interesserte parter skal få høve til å gje innspel til kommunen før søknaden vert levert.

Meland kommune lyste 10.03.2016 ut høyring om utbygging av breibandsnett på heimesidene til kommunen. Følgjande område vart føreslått prioritert av administrasjonen.

- Midsundet – Litlebergen
- lo

Bakgrunnen for å foreslå desse områda var at det ved førre søknadrunde i 2015 vart søkt om tilskot til desse områda jf. KS.sak 40/2015, men kommunen fekk ikkje innvilga søknaden.

Frist for innspel var 10. april, og innan fristen var det kome inn 16 innspel til kommunen. I tillegg kom det inn eit par generelle innspel om at det var positivt at kommunen søkte om breibandsmidlar. Desse generelle innspela er ikkje med i opplistinga under.

Dato	Avsender	Område	Grunngjeving
11.03.2016	Kaj Alexander Johnsen	Rosland-Skjelanger	Nordlegaste delen av kommunen bør prioriterast. Dårlig og ustabil net i dag.
12.03.2016	Andreas Marstrander	Landsvik	Ønskjer breiband
12.03.2016	Marie Iden	lo	Ønskjer breiband
14.03.2016	Eivind Reikerås	Midtsundet-Litlebergen	Dårlig linje pga lang avstand til sentral
17.03.2016	Tormod Skurtveit	Landsvik-Skjelanger	Området har så godt som ingen breibandstilgang. Nødvendig med godt internett for å ta del i samfunnet på lik linje med meir sentrale strøk
26.03.2016	Geir Einar Lohne	Eikeland	Dårlig fart på internett i dag. Mange ønskjer betre nett. Kort avstand til stader som er utbygd med fiber gir lågare utbyggingskostnader til Eikeland
26.03.2016	Oddvar Eikeland	Eikeland	Ønskjer breiband
29.03.2016	Erik Skjerve	lo	Ønskjer breiband
30.03.2016	Svein-Erik Karlsen	Nedre Fosse	Ustabil net i dag med lang avstand til sentralen. Utbygging i området avgrensar hastigheiten ytterlegare
02.04.2016	Christen Andre Iden	lo	Ønskjer breiband
02.04.2016	Björg S. Iden	lo	Ønskjer breiband
02.04.2016	Iden Marina	lo	Ønskjer breiband
02.04.2016	Alfred Iden	lo	Ønskjer breiband
04.04.2016	Linda Aasheim + 11 underskrifter	Øvre Fosse - Fosse	Trur ikkje at det vil bli bygd ut kommersielt på Fosse. Ønskjer at området vert søkt om
10.04.2016	Knut Einar Moldekleiv	Holmeknappen	Ikkje kapasitet på kobbernettet. Vart ikkje tatt med ved førre utbygging av fiber av BKK. Gjeld 5 husstander
10.04.2016	Magne Lædre	lo	Ønskjer breiband. Kobbernettet er ustabil

Innpela omfattar 6 område. Administrasjonen meiner at det ikkje vil vere tenleg å søkje om alle områda i denne omgang ettersom dette vil krevje eit svært stort tilskot. I staden for bør kommunen søkje om dei områda som ein vurderar har størst moglegheit til å nå opp basert kriteria satt av Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit.

Det er stor forskjell på kor kostbart ulike område er å bygge ut. Jo meir perifert og spredt busetnad, desto dyrare vert utbygginga. Ettersom kostnadseffektivitet og plan for bærekraftig drift er sentrale kriterier, vurderar administrasjonen at det er fornuftig å søkje om område som er forholdsvis tett befolka og som ligg i nærleiken av eksisterande breibandsinfrastruktur.

Område	Vurdering
<p>Midtsundet – Litlebergen Io</p> <p>Rosslund-Landsvik-Husebø-Skjelanger</p> <p>Fossesjøen-Øvre Fosse</p> <p>Holmeknappen</p>	<p>Området har forholdsvis tett busetnad og ligg nær eksisterande breibandsinfrastruktur. Vert vurdert som mest hensiktmessig å søkje om tilskot til.</p> <p>Sjølv om området har den dårlegaste breibandstilgangen i Meland kommune i dag, og delar av området manglar grunnleggjande breiband, så er det svært kostbart å bygge ut på grunn av lang transportetappe for infrastruktur til eit område med spredt busetnad.</p> <p>Administrasjonen vurderer framleis at dette området sannsynligvis kan byggast ut kommersielt. Langeland – Sagstad område vil jo få bygd ut breiband, og det gjer det meir sannsynleg at utbygginga etterkvart kan omfatte Fosse.</p> <p>Innspelet gjeld kun 5 husstander, og området vert vurdert som for lite til å søkje om.</p>
Eikeland	<p>Sjølv om utbygging av breiband på Ryland og Beitingen gir ei kortare transportetappe for utbygging på Eikeland, så er det relativt få husstander i området noko som gjer ei utbygging mindre kostnadseffektiv. Når Rylandsområdet er ferdig utbygd vil det nok bli betre hastigheit på eksisterande kobbernett ettersom nettet vil forsyne færre bustader.</p>

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyre vedtek at Meland kommune skal søkje om tilskot til breibanddsutbygging for følgjande prioriterte område:

1. Midtsundet-Litlebergen
2. Io»

Kommunestyret - 38/2016

KS - behandling:

Skriv frå Nordre Austebygd Velforening vart delt ut i møtet.

KS - vedtak:

«Kommunestyre vedtek at Meland kommune skal søkje om tilskot til breibanddsutbygging for følgjande prioriterte område:

1. Midtsundet-Litlebergen
2. lo»